


# Reglar for bruk av kommunevåpenet og –flagg for Bømlo



19. mai 1980

## Innhaldsliste:

**Innleiing: ..... 3**

**Reglar for bruk av kommunevåpen og –flagg for Bømlo ..... 5**

**Bruk av kommunevåpen og kommuneflagg ..... 6**

# Innleiing:

**BØMLO KOMMUNE**  
**KONTORSJEFEN**

Saksførelegg til  
formannskap/kommunestyre

Arkiv nr.: 002. - KG/

Vedlegg nr.: 129/80

Dato: 01.04.80

**SAK: REGLAR FOR BRUK AV KOMMUNEVÅPENET**

I kommunestyret sitt møte 13.12.79 vart det gjort følgjande vedtak:

I det teiknaren Magnus Hardeland sitt framlegg vert godkjent, vert fastsett at

1. Bømlo kommune sitt våpen skal vera eit sølv sjøblad på raud botn.
2. Bømlo kommune sitt flagg skal vera eit kvitt sjøblad på raud botn.

I Statsråd 29.02.80 vart kommunestyret sitt vedtak godkjent, og det vart ved Kgl.res. fastsett at kommunevåpen og -flagg skulle vera slik kommunestyret hadde vedteke.

Magnus Hardeland er no i gang med å reinteikna kommunevåpenet for bruk på brevark, konvoluttar m.v., og han vil og arbeida ut modell for vanleg kommuneflagg, hengande banner og bordflagg.

Før våpenet og flagget vert teke i bruk bør det utarbeidast reglar for bruken av desse, og eg har tillette meg å laga eit utkast til slike reglar. Utkastet bygger på tilsvarande reglar for Karmøy kommune, men eg har og nytta meg av "Forskrifter for bruk av Lier kommunes våpen" (Kommunalt Tidsskrift nr. 9 1976).

Eg skal få koma med nokre merknader til einiskilde av punkta i utkastet:

- Til pkt. 3: Det må vera ein klår føresetnad at unntak berre vert gjeve når det er særlege grunnar som talar for, og at det vert sett svært strenge krav til utforming, materialval og bruk (jfr. pkt. 4).
- Til pkt. 5: Dette kan ikkje setjast i verk før det er laga ei utgåve av kommunevåpenet i sølv og emalje, til påloding av pokalar m.v.
- Til pkt. 6: Slike tildelingar vert i første rekke aktuelt ved besøk til/frå venskapskommunar, flåtebesøk og større tilskipingar/arrangement i kommunen.
- Til pkt. 8: Unntak frå kommunen sin einerett til å flagga med kommuneflagget bør nyttast med varsemd, og helst berre til lag og organisasjonar i samband med større tilskipingar m.v. Normalt bør ikkje kommuneflagget nyttast utan at ein samstundes heiser det norske flagget.

Normalt vert kommunevåpenet på trykksaker o.l. attgjeve i fargar, dvs. raudt på kvitt papir. Trykking med både raudt og sølv kjem berre på tale for trykksaker som berre skal nyttast ved særlege høve, høgtidelege dokument o.l. Ved konvoluttar av annan farge enn kvitt, i lysingar og kunngjeringar, dei fleste trykksaker m.v.

**BØMLO KOMMUNE**

ARK NR. 2.

nyttar ein kommunevåpenet i svart/kvitt utgåve. Elles vil kommunevåpenet kunna attgjevast i ulike materialar og teknikkar, t.d. malt, vove, brodert eller gravert.

Eg har funne det unødvendig å arbeida slike sjølvsegde ting inn i reglane.

Framlegg til

v e d t a k :

Det vert vedteke "Reglar for bruk av kommunevåpen og -flagg for Bømlo" i samsvar med eit framlagd utkast, merka "April 1980".



Peder Stavland

# Reglar for bruk av kommunevåpen og –flagg for Bømlo

1. Bømlo kommune sitt våpen og flagg, fastsett ved Kgl .res. av 29. febr. 1980, er:
  - a) Kommunevåpenet: Eit sølv sjøblad på raud botn.
  - b) Kommuneflagget: Eit kvitt sjøblad på raud botn.
2. Bømlo kommunevåpen kan berre nyttast av kommunale styresmakter i samband med utføring av kommunale gjeremål, t.d. på brevark, konvoluttar, trykksaker, flagg, vimplar og merke etter nærare vedtak av formannskapet.
3. Formannskapet kan likevel i særlege tilfelle gjera unntak frå regelen ovanfor når det gjeld
  - a) Souvernirs
  - b) Merke eller medaljer som vert laga i samband med landsmøte, stemner eller liknande, og som vert skipa til i Bømlo kommune
  - c) Informasjon som vedkjem Bømlo kommune
  - d) Lag, foreningar og organisasjonar
  - e) Dekorasjonar i private heimar, lagshus, overnattingsstader o.l.
  - f) Fartøy heimehøyrande i Bømlo kommune
4. Det er eit ufråvikeleg krav for unntak etter pkt. 3 ovanfor at kommunevåpenet far ei kunstnarleg og handverksmessig utforming, og at våpenet vert avbilda med korrekte fargar og proporsjonar. Teikning eller modell med tilhøyrande utgreiing og opplysningar om materialval skal liggja ved søknaden.
5. På gåver eller gåvepremiar i sølv med inngraving skal kommunevåpenet vera plassert saman med kommunen sitt namn. Kommunevåpenet kan nyttast ved gåver eller gåvepremiar i tinn eller anna materiale.
6. Tildeling av kommunevåpen i form av jakkemerke, bordflagg eller skjold til personar, foreningar, fartøy eller andre, vert avgjort av ordføraren, ev. i samråd med formannskapet.
7. Det er strengt forbode å nytta kommunevåpenet i noko form for skilting, annonsering eller reklame for bestemte varer eller næringsdrivande. På same måten er det forbode å nytta våpenet slik at det kan oppfattast som privat kjenneteikn, firmamerke, varemerke, lagseblem e.l. Private kjenneteikn må heller ikkje stillast saman med kommunevåpenet.
8. Flagging med kommuneflagget skjer på offentlege flaggdagar, når kommunestyret skal ha møte og elles ved særlege høve etter nærare avgjerd av ordføraren. Kommuneflagget i kvadratisk form kan nyttast som gjøs av fartøy heimehøyrande i Bømlo kommune, utanom dette kan kommuneflagget ikkje nyttast av private utan etter særleg løyve frå ordføraren i kvart einskild tilfelle.
9. Kommunen sin einerett til bruk av sine emblem er lovfesta . Misbruk av denne retten er straffskuldig etter Straffelova § 328 , nr. 4.

April 1980.

Annonse i Bømlo-nytt 06.10.1989

## Bruk av kommunevåpen og kommuneflagg

1. Kommunen sitt våpen skal som hovudregel berre nyttast av kommunale styresmakter i samband med utføring av kommunale gjeremål, t.d. på brevark, konvoluttar, trykksaker, flagg, vimplar og merke.
2. Formannskapet kan likevel i særlege tilfelle la private gjera bruk av kommunevåpenet når det gjeld souvernirs, merke og medaljer, informasjon om kommunen og liknande.
3. Det er eit ufråvikeleg krav for unntak frå hovudregelen at kommunevåpenet får ei kunstnarleg og handverksmessig forsvarleg utforming, og vert avbilda med korrekte fargar og proporsjonar.
4. Det er strengt forbode å nytta kommunevåpenet i noko form for skilting, annonsering eller reklame for bestemte varer eller næringsdrivande. På same måten er det forbode å nytta våpenet slik at det kan oppfattast som eit privat kjenneteikn, firmamerke, varemerke, lagseblem el.likn. Private kjenneteikn må heller ikkje stillast saman med kommunevåpenet.
5. Kommunen sitt flagg kan berre nyttast av kommunal styresmakt, eller ved kommunale bygningar og institusjonar. Kommuneflagget i kvadratisk form kan likevel nyttast som gjøs på fartøy heimehøyrande i Bømlo kommune.
6. Kommunevåpen og kommuneflagg kan ikkje i noko tilfelle nyttast av private, organisasjonar o.l. på ein slik måte at det kan tolkast som om vedkomande opptrer på vegne av kommunen.
7. Bruk av kommunevåpen og flagg - eller merke som kan forvekslast med slike - utan godkjenning av kommunen, kan etter Straffelova § 328 nr. 4 straffast med bøter eller fengsel i inntil tre månader.